



Stad kommune

Ordfører

Vestland fylkeskommune

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

20/6752 - 3 / ABJ

05.02.2021

Demografiutvalet – høyringsuttale frå Stad kommune

Stad kommunestyre- 21/019, har i møte 04.02.2021 fatta følgjande vedtak:

Stad kommune sender høyringsuttale slik det framgår av saksframstillinga, med følgjande tillegg i punkt 5:

Forsøk med gratis barnehage og SFO for å øke familieetablering i og tilflytting til distriktskommuner.

Forskning syner at økonomiske overføringer til barnefamiliar har effekt på fruktbarheten i Noreg. Det finnast likevel lite kunnskap om kva effekt gratis barnehage og SFO har på busetting av barnefamiliar. Dersom det gjennomførast forsøk i statleg regi som skal undersøke om tiltak knytt til gratis barnehage og SFO kan ha effekt på familieetablering og tilflytting til distriktskommunar ynskjer Stad kommune å ta del i dette.

Med helsing

Alfred Bjørlo
ordfører Stad kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Kopi til

Alfred Bjørlo

Mottakarar

Vestland fylkeskommune

Post- og besøksadresse

Rådhusvegen 11, 6770 Nordfjordeid

Telefon

57 88 58 00

Org.nr

921 060 157

E-post

post@stad.kommune.no

Internett

www.stad.kommune.no



Arkiv: FA-K0, TI-&13
JournalpostID: 21/1606
Saksbehandlar: Alfred Bjørlo
Dato: 19.01.2021

Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
21/007	Stad ungdomsråd	25.01.2021
21/013	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	26.01.2021
21/020	Stad formannskap	28.01.2021
21/019	Stad kommunestyre	04.02.2021

Demografiutvalet – høyringsuttale frå Stad kommune

Bakgrunn for saka:

Demografiutvalet vart sett ned av Regjeringa hausten 2019 som ei oppfølging av Regjeringa si Stortingsmelding om distriktspolitikk med mandat om å utgreie følgjene av demografiutfordringar i distrikta (folketalsnedgang, stadig eldre befolkning og færre i yrkesaktiv alder), og å kome med framlegg til mulige løysingar,

Utvalet har vore leia av Victor D. Norman (professor emeritus, Norges handelshøyskole).
Kommunedirektør i Stad, Åslaug Krogsæter, har vore medlem i utvalet.

Utvalet sin rapport er sendt på høyring av Kommunal- og moderniseringsdepartementet med høyringsfrist 26. mars. Stad kommune ser det som ein fordel å vere tidleg ute med å gje eit høyrings svar, for å kunne formidle våre synspunkt vidare til KS, Vestland fylkeskommune og andre som i tida framover skal gje sine høyringsuttaler.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Stad kommune sender høyringsuttale slik det framgår av saksframstillinga.

Vedtak som innstilling fra Stad formannskap - 28.01.2021

Stad kommune sender høringsuttale slik det framgår av saksframstillinga.

Vedlegg i saka:

21.12.2020	Høring - Det handler om Norge - Utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene	1396138
21.12.2020	Høring - NOU 202015 Det handler om Norge(1313975)(1319498)	1396139

Stad ungdomsråd 25.01.2021:

Handsaming:

SUR- 21/007 Vedtak:

Stad kommune sender høringsuttale slik det framgår av saksframstillinga.

Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 26.01.2021:

Handsaming:

UKISN- 21/013 Vedtak:

Stad kommune sender høringsuttale slik det framgår av saksframstillinga.

Stad formannskap 28.01.2021:

Handsaming:

F- 21/020 Vedtak:

Stad kommune sender høringsuttale slik det framgår av saksframstillinga.

Stad kommunestyre 04.02.2021:

Handsaming:

Endringsframlegg frå Paul Jacob Helgesen (Sp):

Endring i punkt 5 utprøving av nye tiltak i distriktpolitikken:

1. Stryk punkt/avsnitt om avgrensa førarkort for 16-åringar.
2. Nytt punkt: Forsøk med gratis barnehage og SFO for å øke familieetablering i og tilflytting til distriktskommuner. Forskning syner at økonomiske overføringar til barnefamiljar har effekt på fruktbarheten i Noreg. Det finnast likevel lite kunnskap om kva effekt gratis barnehage og SFO har på busetting av barnefamiljar. Dersom det gjennomførast forsøk i statleg regi som skal undersøke om tiltak knytt til gratis barnehage og SFO kan ha effekt på familieetablering og tilflytting til distriktskommunar ynskjer Stad kommune å ta del i dette.

Det vart røysta punktvis over endringsframlegget frå Paul Jacob Helgesen (Sp):

Det vart røysta over punkt 1 som fekk 11 røyster og fall. Astrid Grete Torheim (Sp), Paul Jacob Helgesen (Sp), Betty Hessevik (Sp), Gunn Sande (Sp), Ida Elisabeth Lien (Sp), Kjell Magnar Flølo (Sp), Ståle Sandal (Sp), Kirsti Ohrvik Olsen (V), Hans Petter Gilleshammer (Ap) og SV røysta for.

Det vart røysta over punkt 2 som vart samrøystes vedteke.

KS- 21/019 Vedtak:

Stad kommune sender høyringsuttale slik det framgår av saksframstillinga, med følgjande tillegg i punkt 5:

Forsøk med gratis barnehage og SFO for å øke familieetablering i og tilflytting til distriktskommuner.

Forskning syner at økonomiske overføringar til barnefamiljar har effekt på fruktbarheten i Noreg. Det finnast likevel lite kunnskap om kva effekt gratis barnehage og SFO har på busetting av barnefamiljar. Dersom det gjennomførast forsøk i statleg regi som skal undersøke om tiltak knytt til gratis barnehage og SFO kan ha effekt på familieetablering og tilflytting til distriktskommunar ynskjer Stad kommune å ta del i dette.

Saksopplysningar:

Meldinga inneheld ei grundig analyse av sentrale utfordringar i distriktpolitikken framover. Utvalet konkluderer med at det er mulig å stabilisere folketalet i distrikta i åra

som kjem, men at det vil kreve ein aktiv distriktspolitisk innsats. Mykje ligg allereie godt til rette for fleire arbeidsplassar i distrikts-Noreg – særleg i privat sektor. Trass i dette vel mange unge å busetje seg i og rundt større byar. Det blir difor stadig meir avgjerande å stimulere til «bulyst» i distrikta – mellom anna gjennom auka satsing på desentralisert utdanning, desentralisering av statlege arbeidsplassar som kan supplere/komplettere arbeidsmarknaden i privat næringsliv og gode lokalsamfunn for familiar og unge arbeidssøkarar.

Utvalet åtværer mot å tru at det finst «eitt svar» på demografiutfordringane i distrikta som åleine kan snu utviklinga - utvalet meiner eit bredt spekter av tiltak må til, mellom annet innanfor samferdsle, helsetenester, utdanning og bustadmarknaden. Dei foreslår også eit program for utprøving av nye tiltak i distriktspolitikken, der tiltaka blir prøvd ut i eit utval kommunar og evaluert før dei eventuelt blir innført i stor skala.

Utvalet peikar på at dei direkte utfordringane knytt til «eldrebølgja» (fleire eldre i høve talet personar i yrkesaktiv alder), først og fremst må løysast på nasjonalt nivå – i tillegg til tenesteinnovasjon, meir samarbeid på tvers av kommunegrensar og nye måtar å løyse oppgåvene knytt til eldreomsorg og helsetenester på i distrikta. Samtidig må utdanningskapasiteten i helse- og omsorgsyrke aukast, og inntektssystemet til kommunane må utformast slik at kommunane vert i stand til å handtere utfordringane knytt til «eldrebølgja» økonomisk.

Ei kort oppsummering av hovudinnhaldet i meldinga kan lesast på denne lenkja <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/ny-utredning-om-demografiutfordringer-i-distriktene/id2789581/>

Vurdering:

Framlegg til uttale frå Stad kommune

Stad kommune meiner Demografiutvalet sin rapport er eit godt utgangspunkt for å lukkast med å utvikle norsk distriktspolitikk i åra framover, og sluttar opp om tilrådingane i rapporten (kap 10). Vi er glade for at Demografiutvalet trekk fram nye Stad kommune sin nye Samfunnsplan som eit føregangsdøme på korleis ein kommune i distrikts-Noreg kan tenkje offensivt og nytt om framtida, jmf følgjande omtale i meldinga om framtidas ambisjonsnivå for distriktspolitikken:

«Nye Stad kommune har valgt seg «Verdas beste vesle stad» som visjon. Kommunen ønsker å være en «distriktpionér», hvor samfunnet skapes og utvikles nedefra, bygget på erkjennelsen av at man får til mer sammen enn hver for seg. Målet til kommunen er ikke å være størst, men altså å være «verdas beste vesle stad», et sted som kan vere eit fullgodt, men annleis, alternativ til eit liv i og rundt dei store byane. Med mangfald, rom for å vere seg sjølv, evne til å omstille seg til eit samfunn utan klimautslepp og med framtidsretta bedrifter og arbeidsplasser.

Utvalget mener helt klart at dette må være ambisjonsnivået for distriktene og distriktpolitikken framover.»

Stad kommune merkar seg vidare at Demografiutvalet skriv at sterk sektorstyring og silotenking i staten kombinert med digitalisering og spesialisering i sum har vore til ugunst for distrikta, og peikar på at distrikta ofte har tatt kostnadene ved reformar i staten gjennom lenger avstand til tenester og færre arbeidsplassar, medan dei i mindre grad har fått sin del av gevinstane.

Det er ein analyse Stad kommune deler. Difor er det nødvendig med ein forsterka og meir heilskapleg politikk for å sørge for at reformar av offentleg sektor i langt større grad også har eit distriktpolitisk perspektiv, mellom anna ved å utnytte dei stadig større høva som ny teknologi gir til å desentralisere tilbod om utdanning på alle nivå og statlege kompetansesarbeidsplassar.

Stad kommune vil særleg halde fram følgjande moment i Demografiutvalet sin rapport:

1. Nye modellar for å sikre gode statlege kompetansemiljø i distrikta

Utvalet peikar på at «Et stadig tilbakevendende tema i regionalpolitikken er hvordan sektorlogikk, ofte omtalt som silotenkning, i mange tilfeller kan komme i et motsetningsforhold til regional logikk. Det innebærer at løsninger som kan synes hensiktsmessig for en etat, kan ha utilsiktede og uheldige regionale effekter.»

Utvalet meiner svaret på dette frå staten si side er desentraliserte tenester gjennom samarbeid i nettverk, som kan gi auka tilgjenge til tenester i distrikta. Utvalet peikar på at «Ledere og medarbeidere ønsker å være en del av et større og faglig trygt miljø. Nye måter å samarbeide om tjenester på kan sikre likeverdige tilbud med jevn kvalitet for innbyggerne over hele landet, uansett hvor de bor. Spesialiserte funksjoner kan ivaretas desentralt gjennom å organisere arbeidet på nye måter, som team/nettverk mellom sentrale faqmiljøer og desentrale miljøer og funksjoner.»

Utvalet meiner også det er nødvendig med endring i prinsippa for korleis staten organiserer si verksemd i ein region. Prinsippet bør vere at tenester blir organisert på det optimale nivået der dei kan fungere for innbyggjarar/brukarar, og ikkje at lokaliseringa berre blir styrt av det som gir det optimale kostnadseffektive nivået for kvar ein skild statleg etat/aktør isolert sett. Utvalet seier m a følgjande: «Dette innebærer at styringen av statlige virksomheter også må ta utgangspunkt i befolkningens sammensatte behov for flere og ofte samordnede tjenester, sammen med en erkjennelse av at Norge er et land med spredt bosetting og store avstander. Tilgjengelighet er en viktig dimensjon ved kvalitet. Det er viktig at en slik desentralisering også medfører utvikling av lederskap lokalt. Det er uheldig at statlig virksomhet i distriktene ledes av personer som bor andre steder og pendler til distriktene.»

Utvalet tilrår også heilt konkret at det blir sett i gong forsøk med fleire desentraliserte einingar i statlege verksemdar for å oppnå auka statleg sysselsetjing i distrikta. Utvalet omtaler i positive ordelag «Statens Hus»-pilotane, og peiker på at dette både kan gje interessante arbeidsplassar i mindre bu- og arbeidsmarknadsregionar og mulige synergjar på tvers av fagfelt.

Stad kommune stør utvalet sine vurderingar, og vil peike på at vi er éin av fire pilotkommuner for den nye modellen for «Statens Hus i distrikts-Noreg», som omtalt i rapporten. Det er særst viktig at det blir sett nok ressursar og politisk trykk nasjonalt inn for å sikre god gjennomføring

av «Statens Hus i Stad», også når det gjeld fysisk samlokalisering av ulike statlege kompetansemiljø som gjer det mogleg å oppnå nettopp dei effektane Demografiutvalet her peiker på. Nordfjord og Stad kommune er eit typisk døme på ein distriktsregion der eit sterkt næringsliv treng sterkare, meir samordna og meir føreseielege statlege kompetansemiljø for å styrke utviklinga i regionen.

2. Betre samla utdanningstilbod og nye campus-modellar i distrikta

Utvalet dokumenter korleis utdanningssystemet i Noreg i dag verkar sentraliserande, og drøftar korleis ein betre kan rigge og organisere utdanningssystemet for å sikre distrikta god tilgang på kompetanse og unngå uønska sentraliserande effektar av høgare utdanning og satsing på FoU, etter- og vidareutdanning.

Utvalet er særskilt opptatt av å legge til rette for eit meir desentralisert og fleksibelt utdanningstilbod til dei som allereie er etablert i distriktskommunar. Utvalet peikar også på at det er svært sterke koblingar mellom kvar personar tar si utdanning, og kvar dei tar seg arbeid og utviklar karriere etterpå. For å lukkast med ein heilskapleg distriktpolitikk, er det difor nødvendig å utvikle heilskaplege strategiar for utdanningssystem i distriktsregionar og kompetansesarbeidsplassar som «matchar» dei desentraliserte utdanningsløpa.

Utvalet meiner det må på plass langt meir tydelege strategiar og eksplisitte finansieringsordningar for desentraliserte og fleksible fagskule-, høgskule- og universitetsutdanningar. Utvalet peiker også på at det har vakse fram mange ulike variantar av studiesenter/campus i distrikta for å mobilisere til og organisere desentraliserte utdanningstilbod, og at det bør vurderast ei meir heilskapleg organisering av slike studiesenter, med sikte på å skape meir føreseielege utdanningstilbod uavhengig av kvar i landet ein bur.

Stad kommune meiner fleire og betre desentraliserte utdanningstilbod på alle nivå er eit heilt sentralt for å lukkast med vekst og utvikling i distrikts-Noreg, ikkje minst for ein region som Nordfjord som ikkje har høgskuletilbod i regionen. Vi syner her til «Inviro: Fjordane Virtuelle Campus», der vi gjennom lokalt initiativ her er i ferd med å etablere ein modell som er i tråd med utvalet si tilråding. Vi meiner staten må sørge for å stø sterkare opp under denne type satsingar. Det må bli ein del av mandatet til eksisterande høgskular og universitet å byggje opp under og delta i slike satsingar som «Inviro», framfor at studentar og personar i arbeidslivet som treng vidare- og etterutdanning må fysisk flytte seg til større byar.

3. Satsing på å byggje større bu- og arbeidsmarknadsregionar

Utvalet peikar på at meir av samferdsleinvesteringane må styrast inn mot å utvide og styrke integrasjonen i dei regionale bu- og arbeidsmarknadene. Utvalet seier at «*En motorvei som skjærer gjennom et bo- og arbeidsmarked, skal ikke først og fremst ha kortest mulig reisetid gjennom området som formål, men integrere det eksisterende arbeidsmarkedet og i tillegg knytte det tettere til andre arbeidsmarkeder.*» Utvalet peikar vidare på at det må vere minst like viktig å fjerne flaskehalsar på det lokale vegnettet som å utvikle nye vegprosjekt, og at betaling for ferje er ein «vegskatt» som aukar kostnadene på å vere brukar av transportnettet i distrikta.

Stad kommune vil peike på at ferjeavløysing er eit godt døme på regionforstørrande vegprosjekt på riksvegnettet som staten kan medverke til å fjerne - innanfor rammene av det stat og transportbrukarar allereie betaler for dagens ferjedrift. Reduserte ferjeprisar på ferjesamband med relativt lite trafikk og utnytta kapasitet, vil også vere med å bidra effektiv til

«regionforstørring» utan store nye investeringar i infrastruktur.

Vi vil også peike på at dagens høge prisar på bruk av fly på kortbanenettet er ei stor belastning særleg for næringslivet på Nordvestlandet og i Nord-Noreg.

4. Samskapingskommunen som eitt av svara på distrikta sine utfordringar

Demografiutvalet trekkjer fram «Samskapingskommunen – ein kommune som mobiliserer og koordinerer ressursane i eit lokalsamfunn» - som ein heilt nødvendig modell for å skape gode tenester innanfor mulige økonomiske rammer i framtida.

Stad kommune er nasjonal pilotkommune for å prøve ut Samskaping som strategisk arbeidsform i utviklinga av lokalsamfunnet. Vi er samde med utvalet i at dette er ein rett og nødvendig veg å gå, særleg i distrikta, og at det krev at kommunane vrir meir ressursar over til utviklingsarbeid og samskaping, i staden for å berre fokusere på tenester i «sektorbåsar». Det er då viktig at kommunane får økonomisk handlingsrom for å handtere dette, og at kommunane blir styrt frå staten gjennom reell rammestyring og overordna kvalitetskrav og mål, ikkje detaljstyring.

5. Utprøving av nye tiltak i distriktpolitikken

Utvalet peiker på at det i langt større grad enn i dag må drivast systematisk utprøving i mindre skala (med følgje-evaluering) av nye tiltak i distriktpolitikken, før dei blir «rulla ut» i større skala. Utvalet kjem sjølv med fleire døme på slike tiltak som bør prøvast ut.

Stad kommune meiner tilrådinga om større «tempo og kreativitet» i å prøve ut nye tiltak i distriktpolitikken er svært fornuftig og viktig. Vi vil frå Stad kommune si side trekkje fram følgjande nye tiltak/virkemiddel som vi ønskjer å prøve ut:

- **Skattefritak for å stimulere marknaden for utleigebustader i distrikta.** Det er eit stort problem for mange bygder i Stad i dag at folk som ønskjer å bu der fast, ikkje får tak i bustad – samtidig som mange hus står tome det meste av året og berre blir brukt som feriebusstader. Å prøve ut økonomiske stimuli for å få fleire til å leige ut bustaden og dermed la han vere i bruk i staden for å stå tom, vil vere både god distriktpolitikk og god bruk av samfunnet sine ressursar.
- **Avgrensa førarkort for 16-åringar for å gjere ungdom i distrikta meir mobile.** Stad er ei langstrakt kommune (120 km frå inst til ytst), med eit til dels dårleg utbygd kollektivtilbod, særleg på kveldstid og i helgar. Å forsøke ut ei slik ordning for at ungdom kan bli meir mobile, ser vi på som interessant for vår kommune.
- **Forsøk med meir desentraliserte einingar for statlege arbeidsplassar.** Vi syner her til Pilotprosjekt «Statens Hus i Stad» - som vil vere ei perfekt ramme rundt slike forsøk i ulike statlege einingar – også einingar som ikkje har fast kontor i Stad/Nordfjord pr i dag.
- **«Flytterett» for statleg tilsette i direktorat/andre statlege einingar i større byar.** Det bør prøvast ut ei ordning med at tilsette i store statlege einingar i dei største byane som ønskjer å flytte til distrikta for ein kortare eller lenger periode og ikkje har ein jobb som er strengt stadbunden (kundemottak, reingjering etc) - kan ta med seg jobben og ha alternativ lokalisering i ein «statleg hub» i distrikts-Noreg av type nye Statens Hus Stad. Det vil gjere barrieren enklare for mange familiar å «prøve ut» eit liv i distrikts-Noreg.